

Dato: 02.08.2017
Frå: Hordaland fylkesbibliotek
Til: Radøy kommune

Radøy bibliotek - utkast til strategiplan

VISJON

Biblioteket på Manger skal vere ein lokal samfunnsutviklar, møtestad og debattarena, med særskilt fokus på bibliotektenester for barn og ungdom.

FORMÅL

Formålet med planen er å utvikle strategiar for biblioteket på Manger, som vil sikre innbyggjarane på Radøy eit moderne og formålstenleg bibliotek for framtida og i ein den nye kommunen.

BAKGRUNN

Strilabiblioteket

Biblioteka i Lindås og Meland har sidan april 2016 vore samanslått under namnet Strilabiblioteket. I Strilabiblioteket er biblioteka likeverdige og bibliotektilbodet samordna. Meland bibliotek har hovudansvar for skjønnlitteratur og Lindås for faglitteratur. Brukarane står fritt til å bruke biblioteka om kvarandre eller til å få henta inn litteratur som ikkje finst på sitt nærbibliotek. Biblioteka skal gje like gode tilbod til brukarane.

Dei to biblioteka har blitt betre tilgjengelege ved at dei no er meiroopne. Alle over 18 år kan bruke heile biblioteket på Meland og delar av biblioteket på Lindås frå kl. 07:00 til kl. 22 (20), sjølv om personale ikkje er til stades. Biblioteka er dermed tilgjengelege for brukarane i 101 timar kvar veke. Den bemanna opningstida er 27 timar i Lindås og 24 timar i Meland kvar veke. Biblioteka har samordna arrangementa sine i ein felles kalender og har sams innreiing og bruk av fargar i biblioteklokalet. Dei 7 Nordhordlandsbiblioteka har felles nettstad og felles facebook-side. Tilrettelegging av biblioteklokale, auka tilgang gjennom meirope og spesialisering av samlingane har fått tilskot av prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket. Fylkesbiblioteket har støtta prosjektet med midlar og rådgjeving.

Lindås, Meland og Radøy vil frå 2020 utgjere ein kommune. For innbyggjarane er det viktig at bibliotektenesta i den nye kommunen framstår som ei eining.

Lov om folkebibliotek

Folkebiblioteka i Norge er regulert i Lov om folkebibliotek.¹ Formålsparagrafen slår fast at folkebiblioteka har til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet, samt at det einskilde bibliotek i sine tilbod til born og vaksne skal legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Ved revisjonen av biblioteklova 1.01.2014 blei «aktiv formidling» innført i lova, saman med at folkebiblioteka skal vere uavhengige møteplasser og arena for offentleg samtale og debatt.

Nasjonal bibliotekstrategi

Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018² viser staten sine oppgåver og ansvar for utvikling av folkebiblioteka, og gir Nasjonalbiblioteket ei aktiv rolle i utviklingsarbeidet. Nasjonalbiblioteket skal arbeide for auka tilgang til digitale innhaldsressursar og felles infrastruktur.

¹ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108>

² https://www.regjeringen.no/contentassets/e1dd0466444d4d5d9d02e8d6897d38fb/nasjonal_biblioteksstrategi_2015-2018.pdf

Prosjektmidlar vil i ein fireårig periode nyttast strategisk for å utvikle folkebiblioteka som møteplass og arena for samtale og debatt.

Nasjonalbiblioteket har i strategiperioden 48 mill. i året som skal nyttast til nasjonalt bibliotekutvikling gjennom prosjekt. Samarbeid og samordning av biblioteka har vore og vil også for framtida kunne vere med på å sikre både Strilabiblioteket og Nordhordlandsbiblioteka ein del av desse midlane.

Regional bibliotekutvikling

Fylkeskommunen ivaretar regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, og fylkesbiblioteket er bibliotekfagleg rådgivar for kommunane og biblioteka i vidaregåande opplæring. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025³ peiker ut retninga for ein offensiv kultur- og idrettspolitik i Hordaland fylke. Bibliotekutvikling er eit av fem fagfelt i kulturplanen, og fleire av innsatsområda i kulturplanen ligg til grunn for strategiane i denne planen.

Folkebibliotek i ei digital og global tid

Vi lever i ei stadig meir digital, global og multikulturell tid, noko som kan føre til fragmentering og mindre samhald mellom menneske i eit samfunn. Behovet for ein arena som kan vere samlande og som kan auke toleranse og tillit mellom folk er stort. Folkebiblioteka er ein av få såkalla lavintensive møtestader, som ber i seg moglegheita for å skape sosialt samhald i samfunnet og bidra til kulturell toleranse og demokrati. Denne typen møtestad blir mellom anna skapt ved å tilby universelle tilbod for alle, og gje tilgang til ei mengd ulike meiningar og informasjon, samt å vere ein stad som har lav terskel for bruk og der folk møtast på tvers av generasjonar og sosiale og kulturelle ulikskapar. Funksjonen som møtestad er med på å grunnleggjere føremålet med folkebibliotek i det moderne samfunnet.⁴

Lokalsamfunnsutvikling

Distriktssenteret definerer lokal samfunnsutvikling som å arbeide for å utvikle kommunen som stad å bu og legge til rette for arbeidsliv og fritid.⁵ Eit godt folkebibliotek er ein stad der litteratur og kunnskap står i fokus, men kan også vere eit verktøy for å oppnå lokal samfunnsutvikling. Biblioteket kan bidra gjennom nokre av faktorane som blir løfta fram av Distriktssenteret:

- å skape engasjement og tilhørighet
- utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet
- å stimulere til demokratisk deltaking
- regionalt samarbeid
- digital infrastruktur
- omdømebygging og synleggjering av kommunen
- inkludering av nye innbyggjarar
- miljø og folkehelse

Fleire undersøkingar har vist at folkebiblioteket sin samfunnsøkonomiske verdi er 1:4⁶. Det vil seie at for kvar krone ein legg i bibliotektenesta i ein kommune, vil ein få fire deler tilbake i samfunnsøkonomisk verdi. Ein føresetnad er sjølvstøtt at biblioteket har tilstrekkeleg ressursar og blir brukt.

³ https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/kultur/hfk_kulturplan.pdf

⁴ Audunson, Ragnar; The public library as a meeting-place in a multicultural and digital context; The necessity of low-intensive meeting-places. *Journal of Documentation*, 2005, Vol.61(3), p.429-441

⁵ <https://distriktssenteret.no/hva-er-samfunnsutvikling>

⁶ <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/27223/avhandling-aabo.pdf%3Fsequence%3D1>
<http://www.biblioteken.fi/sites/default/files/content/Bibliotekens%20ekonomiska%20effekter.pdf>

STRATEGIAR

1. Biblioteket på Manger skal vere eit moderne og attraktivt bibliotek som bidrar til å forme Manger som lokalsenter.

Det skal vere lav terskel for å nytte biblioteket gjennom god tilgjengelegheit, også utanom betjent opningstid. Biblioteket skal vere plassert der folk ferdast, og det skal vere enkelt å stikke innom på veg til og frå andre aktiviteter. Biblioteket skal vere universelt tilgjengeleg, og ha eit estetisk uttrykk i tråd med biblioteka i den nye samanslåtte kommunen.

2. Biblioteket på Manger skal vere ein uavhengig møtestad og arena for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt for alle.

Biblioteket skal vere ein møtestad, arrangere debattar og arrangement for alle i nærområdet. Arrangement på Manger skal samordnast med dei andre biblioteka i den nye kommunen og vere del av ein felles arrangementskalender. Biblioteket skal arbeide aktivt for å fungere som integreringsarena og ha grensesnitt mot nye borgarar til dømes i form av språk-kafé.

3. Biblioteket på Manger skal drive aktiv formidling og tilby samlingar med kvalitet, allsidigheit, og aktualitet.

Biblioteket skal drive aktiv formidling og tilby tenester og tilbod til alle. Biblioteket er eit kombinert folke- og skulebibliotek for ungdomsskulen og har ei god samling av barne- og ungdomslitteratur. I den nye kommunen skal biblioteket ha ansvar for ei spesialsamling på dette området. Samlinga ved biblioteket skal aktualiserast og spissast ytterligare gjennom kassering og spesialisert innkjøp.

4. Barn og ungdom på Radøy skal ha tilgang til eit godt bibliotek, som stad for læring, oppleving og fantasi.

Radøy sitt ansvarsområde i den nye kommunen skal vere bibliotekarbeid retta mot barn og ungdom og ny teknologi særskilt tilrettelagt for barn og unge. Bokbussen i Lindås sikrar tilgang til bøker for alle barna i kommunen og fungerer som eit viktig lesestimulerande tiltak for skulane. Bokbussen bør utviklast som eit felles tilbod i den nye kommunen. Bokbussen og bibliotekarstilling på bokbussen bør bli lokalisert på Manger. I så fall må biblioteklokalet på Manger tilretteleggast for dette føremålet.

5. Samlingar og utstyr ved biblioteket skal bli meir tilgjengeleg for alle brukarar

Biblioteket på Manger skal bli eit meirope bibliotek der brukarane kan nytte deler av tilbodet også når biblioteket ikkje er bemanna. Dette føreset eit automatisert og sjølvstyrt utlån, med RFID brikker i alle dokumenta i samlinga.

6. Biblioteket på Manger skal tilby digitale ressursar og aktivitetar med særskilt fokus på barn og unge

Biblioteket skal tilby digitalt utstyr og digitale ressursar. Døme på digitalt utstyr kan vere dataspel og konsollar, programvare for å lage musikk og for å programmere, 3d-printar o.a. Biblioteket skal profilere og rettleie i bruk av digitale tenester som til dømes e-bøker, e-borgarteneste og digitale aviser på ulike språk. Biblioteket skal tilrettelegge aktivitetar i bruk av teknisk utstyr og programvare. Døme på dette er kodeklubb, dataverkstad og ulike kurs.

7. Bibliotekpersonalet skal ha naudsynt kompetanse for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

Oppdatert kunnskap og kompetanse er grunnlaget for utvikling av gode bibliotektenester. Personalet på biblioteket skal kontinuerlig auke kompetansen sin, med fokus på arrangement og debatt, formidling til barn og unge og digitale ressursar. Ved rekruttering skal det tas omsyn til behovet for denne typen kompetanse.